

SOGN | driftig | raus | ekte



Regionalplan for Sogn regionråd

Tiltaksplan 2016

FRAMLEGG TIL SOGN REGIONRÅD 4.12.2015



SOGN REGIONRÅD

Næringsutvikling

Fylkesgrenser – kommunegrenser – hinder eller utvikling?

Mål

Sogn skal styrka seg som region og bli interessant for nye etableringar. Sogn regionråd må bli meir synleg som utviklingsaktør.

Strategiar

- Tenke region som heilskap og bygge ned kommunegrensene som strukturar som det regionale samarbeidet må arbeida positivt og konstruktivt innanfor
- Openheit og inkludering
- Bidra til å utvikla regionale møteplassar med representantar frå næringsliv, organisasjonar, forskingsmiljø og andre aktørar

Tiltak	
Styrka Sogn som region og fremja samarbeid på tvers av kommunegrenser <ul style="list-style-type: none">- Folkevalddag med kommunestyra. Tema: utviklingstrekk, aktuelle prosjekt og samarbeid.- Felles formannskapsmøte i samband med oppstart av regionalplanarbeidet, jf eigen framdriftsplan- Sikra politisk forankring av regionrådet sine satsingar og samarbeid til eigen kommune. Bringa inn relevante saker frå kommunane til regionrådet.	Ansvarleg: Sogn regionråd/RUP-gruppa Ressursar: Eigne og kommunane Tid: 2016 Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande
Kommunereforma – gje kommunane prosess-/prosjektleiing i høve: <ul style="list-style-type: none">- Arbeidsmøte (3-4 møte) om intensjonsavtalar- Felles formannskapsmøte- Vurdera felles informasjonsavis til innbyggjarane og gjennomføra felles innbyggjarundersøking	Ansvarleg: Sogn regionråd, prosjektgruppa og kommunane Ressursar: Eigne, kommunane og innleigd prosess-/prosjektleiing Tid: Januar-april 2016

Vidare vekst i statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i Sogn

Mål

Utvikla eksisterande statlege og fylkeskommunale verksemder og leggja til rette for at dei har gode tilhøve for vidare vekst. Leggja til rette for etablering av nye statlege verksemder/avdelingar

Strategiar

Byggja på våre fortrinn

Samarbeida om profilering /rekruttering

Følgje med trendar frå sentralt hald om eventuell utflytting av heile eller delar av statlege verksemder

Kommunane utviklar dialogen og samarbeidet for å betre attraktiviteten og utvikla tenestesamarbeidet

Tiltak	
Få fram fortrinna og påverka avgjerdstakar slik at Sogn held på og trekkjer til seg nye statlege og regionale arbeidsplassar	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande

Nytenkning – positivitet – innovasjon - entreprenørskap

Mål

Sogn regionråd skal leggja til rette for å utvikla næringer som IKT-kunnskap/ offentlig forvaltning, reiseliv og utdanning/kompetanse og bidra til etablering av fleire verksemdar og arbeidsplassar i regionen

Strategiar

Stimulera gründerar

Vera "portopnar" til dei finansieringskjeldene som finst for verksemdene regionen og samarbeida med eksterne aktørar (statleg/fylkeskommunane/lokalt)

Vidareutvikla entreprenørskap i skulen og for ungdom

Satsa på landbruk slik at ein når målet om auka matproduksjon

Tiltak	
Medverka til felles satsing på næringsutvikling i Sogn, styrka samhandling og samarbeid mellom kommunane <ul style="list-style-type: none">- Næringsnettverket i Sogn er arena for erfaringsutveksling, kunnskapsutvikling og for å initiere samarbeidstiltak og felles prosjekt. I nettverket deltek dei ni næringsansvarlege frå kommunane og dagleg leiar.- Nettverket har dialogmøte med Sogn regionråd ein gong i året.- Sogn regionråd gir oppdrag til nettverket gjennom rådet sin tiltaksplan.	Ansvarleg: Sogn regionråd og næringsnettverket Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande
Møtearenaer for etablerarar: <ul style="list-style-type: none">- Forum for nye og etablerte bedriftsskaparar- Invitera aktørar til å orientera om aktuelle private og offentlege finansieringskjelder for bedriftsetableringar	Ansvarleg: Næringsnettverket i Sogn Ressursar: Kommunane Tid: 2016
Gjennomføra entreprenørskapstiltak i regi av det regionale samarbeidet om skuleutvikling "System for styrka læring", jf eigen handlingsplan, i samarbeid med Ungt Entreprenørskap mellom anna <ul style="list-style-type: none">- entreprenørskapsmesse for ungdomsskuleelevane i regionen (Årdal)- gründercamp- fagnettverk med representantar frå skulane, næringsansvarlege, bedrifter og eksterne aktørar	Ansvarleg: Programstyret for "System for styrka læring" i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane Ressursar: Eigne og kommunane Tid: 2016

Lønsamt reiseliv heile året

Mål

Auka lønsemd i reiselivet med fleire heilårsarbeidsplassar, fleire heilårsopne attraksjonar og aktivitetar, og auka tal gjester heile året.

Strategiar

Skaffa statistikk og faktabaserte opplysningar for lågsesongen

Syta for reell medverknad for næringslivet

Styrka nye Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutvikling i regionen

Tiltak	
Medverka til felles reiselivssatsing i Sogn <ul style="list-style-type: none">- Setje av regionale utviklingsmidlar til Visit Sognefjord til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne Tid: 2016

Medverka til å utvikla Sogn som heilårsreisemål - Visit Sognefjord orienterer regionrådet om satsingar og planar	Ansvarleg: Sogn regionråd i samarbeid med Visit Sognefjord Ressursar: Eigne Tid: 2016
Arbeide for å få utvida dei nasjonale turistvegane Gaularfjellet og Aurlandsfjellet til å omfatta ferjestrekningane Balestrand-Hella-Fjærland og Lærdal-Kaupanger-Gudvangen	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne Tid: 2016

Teknologi og industri

Mål

Styrka kompetansemiljøet og støtta opp om vidare teknologiutvikling i industrien

Strategiar

Arbeida for å utvikla teknologiske og industrielle knutepunkt som virker attraktive for verksemdene

Få fram konkurransefortrinn for teknologiutviklinga i industrien

Arbeida for at Hydro moderniserer i Årdal med det nyaste av teknologi utvikla på teknologisenteret i Årdal

Styrka og utvikla teknologisk tenesteproduksjon

Tiltak	
Arbeida for at teknologisenteret i Årdal vert vidareutvikla og at Hydro satsar på anlegga i Årdal og i Høyanger. Få fram konkurransefortrinna som er tilgang på vasskraft, kompetanse og tilgjengeleg areal.	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: 2016

Tilflytting og rekruttering

Mål

Sikra busetjing og rekruttera arbeidskraft til regionen

Strategiar

Arbeida for å trekkja unge, kvalifiserte personar til Sogn og særleg arbeida mot dei som allereie er her, meir enn 2000 studentar i året

Vidareutvikle og marknadsføra omdømme til Sogn og bulyst

Få flest mogleg personar med minoritets-/innvandringsbakgrunn aktive i arbeidslivet

Tiltak	
Karrieremesser som Framtidsfylket AS arrangerer årleg: - Sogn regionråd koordinerer kommunane si deltaking med felles profileringsmateriell og felles regionstand i Bergen, Trondheim, Oslo og Sogndal.	Ansvarleg: Sogn regionråd og næringsnettverket Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Januar og februar 2016
- Setje av regionale utviklingsmidlar til messene i Bergen, Trondheim og Oslo. Messene profilerer fylket og viser at regionen er attraktiv å bu, arbeida og starta verksemd i.	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne Tid: Hausten 2016
Bruke portalen framtidfylket.no - Formidla dei gode historiene til Framtidsfylket slik at Sogn blir profilert på deira nettside. Dette kan inspirere fleire til å sjå moglegheitene og flytta til sogneregionen.	Ansvarleg: Sogn regionråd og næringsnettverket Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande

<p>Bustadutvikling – regionalt strategidokument</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeide om regionale bustadstrategiar for å få auka kunnskap om bustadmarknaden, felles forståing av utfordringane og medverka til strategiar for meir variert bustadmarknad. - Deltakarar i arbeidsgruppa er kommunane ved planleggjarane, Sogndal som programkommune for bustadsosialt arbeid, Husbanken, Distriktssenteret, fylkeskommunen, ev. fylkesmannen og regionrådet. - Regionale utviklingsmidlar er sett av til prosjektleiing. 	<p>Ansvarleg: Sogn regionråd og kommunane, og i samarbeid med eksterne aktørar</p> <p>Ressursar: Eigne og kommunane</p> <p>Tid: 2016</p>
--	---

Utdanning, skule og kompetanse

Mål

Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

Strategiar

Sikre og vidareføre eksisterande strukturar i vidaregåande opplæring
 Medverka til at tilbodet i vidaregåande opplæring og høgskule i regionen samsvarer best mogleg med det næringsliv, offentlege verksemdar, ungdom og utdanningsøkjande etterspør
 Vidareutvikla fordelane med at kunnskaps-, kompetanse- og forskingsmiljø ligg i regionen
 Styrka samarbeidet mellom regionen, næringsliv og høgare utdanning
 Bidra til at næringsliv og utdanningsinstitusjonane vert kopla sterkare saman
 Medverka til at færrest mogeleg elevar må bu på hybel for å ta vidaregåande utdanning
 Vidareutvikla det regionale skule- og barnehagesamarbeidet "System for styrka læring"
 Involvera ungdommane i utvikling av regionen

Tiltak	
<p>Styrka tilbodet og medverka til fleire lære plassar i kommunale og private verksemdar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Medverka i partnerskapen for fleire lære plassar i Sogn, jf partnerskapsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Sogn og Fjordane og LO Sogn og Fjordane og Sogn regionråd - Temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora - Leggja fram tilstandsrapportar og gjennomgangar frå fylkeskommunen for å få fram status, utvikling og kva som er behovet i arbeidslivet og vurderer kva tiltak som verkar best - Oppmoda næringsansvarlege om å informera bedrifter om lærlingeordninga for at fleire tek inn lærlingar - Oppmoda kommunane om å innfri kravet om ein lærling pr tusen innbyggjar 	<p>Ansvarleg: Sogn regionråd i samarbeid med partane og næringsnettverket i Sogn</p> <p>Ressursar: Eigne og kommunane</p> <p>Tid: Løpande</p>
<p>Gjennomføra tiltak i regi av det regionale samarbeidet om skuleutvikling "System for styrka læring", jf eigen handlingsplan</p>	<p>Ansvarleg: Programstyret for "System for styrka læring"</p> <p>Ressursar: Eigne og kommunane</p> <p>Tid: Løpande</p>
<p>Delta i aktuelle forum som styrker samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og arbeids- og samfunnsliv som "Rådet for samarbeid med næringsliv" i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane</p>	<p>Ansvarleg: Regionrådsleiar</p> <p>Ressursar: Eigne</p> <p>Tid: Løpande</p>

Samferdsle

Mål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur og reisetida til regionsenteret skal vera maks 45 minutt.

Strategiar

Arbeida for betra regularitet og infrastruktur i og ut av regionen

- vegutbetring og oppgradering av vegnettet
- betre fly- ferje og busstilbod
- god breibandkapasitet for næringslivet

Regionen må vera vera aktive overfor stat og fylkeskommune for å styrka regionen sine samferdselsinteresser

Samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktør om båtrutetilbod i Sognefjorden

Tiltak	
Utarbeide samferdselsplan med mål, strategi og prioriterte tiltak	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Februar 2016
Gje innspel til Nasjonal Transportplan og Regional Transportplan om prioriterte samferdsletiltak	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: 2016
Arbeida aktivt for å styrka regionen sine interesser: <ul style="list-style-type: none">- Flyruter, nattstasjonert fly og lufthamnstruktur- Vikafjellstunnelen – arbeida for tidlegare byggestart- Sognefjellstunnelane med vegtrasè Stavanger/Bergen – Trondheim gjennom Årdal og Luster. Byggja alliansar mot naboregionane- Sikra finansiering for vegutbetringar og sikra rasutsette strekningar på følgjande riks- og fylkesvegar: Sogndal-Hella (rv 55), Vik-Vangsnes (rv 13), Sogndal-Luster (fv 55), Dragsvik-Balestrand (fv 55) og Tronvik-Ulvåna (fv 55)- Arbeida for betre pendlartilbod:<ul style="list-style-type: none">o Pendlarbuss Årdal – Leikanger med kopling frå Luster og Lærdalo Kombinert pendlar- og skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdalo Kombinert pendlar- og skulebuss for Balestrand og Høyanger- Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik<ul style="list-style-type: none">o Halvtimes avgangar på dagtid og nattferjer- Aust-vest sambandet – byggja alliansar / interessefellesskap- Sognebåten<ul style="list-style-type: none">o Setje av regionale utviklingsmidlar til utgreiing av endra sommar- og heilårsrute tilpassa reiselivet	Ansvarleg: Sogn regionråd i samarbeid med andre aktørar Ressursar: Eigne og kommunane Tid: 2016

Helse

Mål

Trygge eit likt og kvalitativt godt helse- og omsorgstilbod til innbyggjarane i regionen på tvers av kommune- og fylkesgrenser

Strategiar

Lokalmedisinsk senter i Lærdal

- Bygge opp om og utvikle tenester og kompetanse knytt til lokalmedisinske senter i Lærdal
- Samle ressursar og kompetanse til lokalmedisinske senter der dette er tenleg
- Samarbeide om pasientbehandling, systemoppgåver og kompetansedeling

Institusjon på Tronvik

Bygge opp om og utvikle tenester og kompetanse knytt til Helse Førde sin institusjon på Tronvik, særleg knytt opp mot fagfelte psykiatri og rus.

Folkehelse

- Samarbeida om betre folkehelse og ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa

Tiltak	
Lokalmedisinsk senter <ul style="list-style-type: none">- Finne fram til område der me finn det føremålstenleg å legge oppgåver til Sogn lokalmedisinske senter i Lærdal.- Ta i bruk IKT verktøy som grunnlag for tenester og oppfølging ute i kommunane.	Ansvarleg: Sogn regionråd Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande
Folkehelse Medverka i partnerskapen for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn, jf partnerskapsavtalen med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge Vest, HEMIL-senteret (Universitetet i Bergen), Utdanningsforbundet og Sogn regionråd	Ansvarleg: Programstyret for "System for styrka læring" Ressursar: Eigne og kommunane Tid: Løpande



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
www.sogn.regionraad.no
epost: postmottak@sogndal.kommune.no
Tlf 57 62 96 14



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune